

# OVER FJORD OG FJELL

---

***Dette er ei fast overskrift på tekstar som skildrar korleis folk tok seg fram på land og sjø under vekslande tilhøve i fjern og nær fortid.***

*Denne soga er skriven av Marta Trohjell i 1954. Ho er kårkona i Toskedalen. Gjennom eit langt liv har ho opplevd vekslande tider: Frå eit strevsamt liv som husmor på ein utkantgard utan straum, telefon eller bil, til dagens hushald og levekår som skil seg lite ut frå tettstaden i standard.*

*Kalvik og Toskedal er nabogardar med fjell og skog som grense. Kortaste og sikraste vegen frå Toskedalen til Stamnes var å gå til fots over fjellet og ro over "Kalvikahavet". Frå gamalt hadde dei to gardane avtale om at folk frå Toskedal alltid skulle kunna finna båt til låns i Kalvik. "Betalinga" for dette var at brukarane i Kalvik kunne ha dyra sine på beite oppe på fjellet på Toskedal si beitemark. Men av og til kunne det "skjera" seg for dei som kom over fjellet og trong båt....*

## **Ei av dei eventyrlege Stamnesreisene**

**Marta Trohjell 1908-**

I sumarhalvåret er det fint å gå over fjellet når me skal til Stamnes. Ein reknar alltid med at det er båt i Kalvik, og båt lyt ein no ha kva veg ein tek.


Ein kan møta vanskar av ymse slag, men kor vrient og vanskeleg det ser ut, så endar det godt. Slik også den gongen eg vil fortelja om her.

Det var ikkje kome telefon verken i Toskedal eller i Kalvik då, så ein kunne ikkje avtala skyss eller fylgje.

To velnøgde husmødre frå Toskedalen var på veg over Grånova ein fin junidag. Dei skulle til Stamnes på møte. Takksame mot sine menn som hjalp dei til denne fridomen, og glade i sinn for at atter ein gong skulle dei få oppleva eventyrets opplivande og spanande makt.

Fagerbrotet er fyrste kneiken ein må over, og den bakken er like bratt kor ofte ein går han. Difor fann eg det best å gå han i ro og mak, men Klara kunne ikkje lika den sakte farten eg heldt. Ho smatt difor framom meg i Kleivane, og ville styra farten sjølv. Det tente ho ikkje på, for ho laut ofte stogga og ropa: "Kjem du ?" Ho skjønna nok det at me laut verta i same båt.

Men me var ikkje dei enaste liv å sjå på "vegen" denne dagen. Det rekna me ikkje med heller, for ein slik varm sumardag plar det vera mykje hestemauro ute



Kart over Stammenesområdet.

og spasera på alle nakne skorver som me måtte over. Ja, det plar vera så livleg med maur at ein vart freista til å stogga opp og sjå på arbeidet deira. Men i dag var det ikkje ein maur å sjå, dei hadde nok måtte vika plassen for nokre smååmer.

Av desse krydde det i ordets rette forstand. Det var som kvar tue, stein, bakke og "veg" levde av åmer. Ikkje nok med det, dei hang i trea, og etter spindelveg i lause lufta. Slik var det kvar ein såg, det var ikkje nokon veg utanom.

Me måtte ta oss fram gjennom dette mylderet. Først prøvde eg sopa dei av meg, men dette heftet laut eg slutta med; dei var for mange.

Då Klara var komen på høgda, såg ho at det nytta ikkje gå frå meg lenger, difor stogga ho og venta. "Sjå kor du ser ut", ropa ho då ho såg alle åmene på kleda mine. "Sjå på deg sjølv du", svara eg, ho var ikkje det slag fregare.

Men slik er me: Andre ser me so lett. For å sjå oss sjølve må me verta påminna av andre.

Maria Kalvik såg ut til å lika seg i godveret ho òg, ho var ved elva og vaska klede. At ho vart noko betrykt då ho såg oss, skjøna ikkje me før enn ho seier saktmodig: "Det leie er at her er ikkje båt til dykk." Me vart stumme med det same, det gjekk ei tid før det gjekk opp for oss kor stoda var.

Maria såg det, og skjøna straks at her trongst det kaffi, og den laga ho god, og med mat attåt. Eg kan ikkje minnst at kaffi har smaka so godt som då. Maria gjekk ned til sjøen, ho laut drøfta saka med nabokona som budde der.

Me gav oss god tid, og nytte kaffien i fulle drag. Og motet byrja koma att i oss.

Brått ser me ein båt bortpå fjorden. "Der tenkjer eg Borgny Simmenes og Klara Sandal fer roande", seier eg. Dei skulle vera med meg i komiteen denne gongen. "Er du sikker på at det er dei?" spør Klara. "Jau, ser du ikkje Borgny i den røde trøya?" svara eg. Hadde no berre Maria kome att så me fekk spørja om det gjekk an å ropa til dei, om dei kunne ro hit etter oss. Men nei, Maria stod ned med sjøen og snakka med Ingebjørg, så me hadde ikkje anna å gjera enn å gå ned til dei. Kanskje dei hadde løyst problemet? Me var i alle fall oppkvikka av det gode måltidet, og istand til å ta det heile med godt humør.

Fjorden låg som eit gapande troll, og me kjende oss som to forheksta skapningar. Kven skulle løysa oss ut or trolldomen? At det laut verta ei løysing, visste me, for før var ikkje eventyret slutt.

Dette må vera det som kallast uflaks, ymta me om. "Hadde no endå Leiren kome og sett til kilenota si, men han syner seg ikkje heller idag", sa Ingebjørg.

Der såg me ein båt bortmed Kallestadlandet. Me ville gje lyd frå oss, men han stakk seg straks att til lands. Der stod me. "Eg veit ikkje betre råd enn at me får vinka til **"Jåbekken"** når han kjem ned sundet", sa Ingebjørg. Ho inn etter kvart sitt plagg som me skulle stå klare med når han kom. Ingebjørg og Klara stilte seg opp på bryggja, og eg ved naustet. Eg tvila kje på at me såg komiske ut der me stod. "Eg tenkte på uflaks då eg gjekk heimover att, og såg kor de stod der med plagga og flaksa." fortalde Maria oss seinare. "Det hjelper nok ikkje med fine plagga til **"Jåbekken"**, han let seg ikkje smigra". Han for so flott nordover Kallestadsundet utan å ensa oss.

Medan me stod og svelgde på dette vonbrotet kom der ein robåt ned sundet, og hadde kurs for Vedafjorden. "Tru kven det er, skal me våga ropa? Er det hjelp i det?" sa me.

Me fekk våga denne sjansen. Me stilte oss opp og bles i hendene alle tre på ein gong.

No kom det vel med at me som born hadde lært oss denne kunsten. Jau, der slutta han å ro, og snudde kroppen hit. Då treiv me plagga, og til å vifta med dei att. Det hjelpte, og me stod der jublande glade over at me endeleg hadde fått nokon til å ro oss over til Stamnes.

Det var Ola Bukkestein, han hadde vore i Sand og slakta ein gris hjå Johnsen. På spørsmålet om skyssløna svara han: "Dette er berre ei grannebeina."  
Ja, det er godt å ha granner i alle fjordar.

Då eg kom om kvelden og fortalde til Johannes om kor det hadde gått, la eg til: "Det har aldri hendt før at det ikkje var båt i Kalvik." "Jau, det hende meg ein gong då eg skulle til presten," fortalde Johannes.

"Kva gjorde du då ?" spurde eg. "Eg gjekk heimatt", svara han. Tenk, det kom ikkje me på !